

SPORTSPLAN

IL BJØRN

FOTBALL



Revidert og godkjent av hovudstyret og fotballstyret 29.januar 2025. Gjort mindre justeringar 26.mars 2026. Godkjent av fotballstyret 26.mars 2026.

Innholdsliste

1.0 Innleiing – kvifor ein sportsplan?	4
1.1 Omgrepsavklaring	4
2.0 IL Bjørn fotball sine visjonar, verdiar og målsettingar	5
2.1 Visjon	5
2.2 Verdiar	5
2.3 Hovudmål	6
2.3.1 Våre fair play-målsetjingar	6
3.0 Overordna retningslinjer for fotballaktiviteten - kampar og turneringar	7
3.1 Påmelding er klubbstyrt	7
3.2 Speletid	7
4.0 Overordna retningslinjer for fotballaktiviteten – treningskvardagen	9
4.1 Aktivitetsprinsipp gjeldande for all treningsaktivitet	9
4.2 Utviklingsperspektivet	9
4.3 Differensiering	9
4.4 Hospitering	10
5.0 Generelle retningslinjer for barnefotballen	11
5.1 Barnefotballen skal basere aktiviteten på desse grunnprinsippa	11
6.0 Generelle retningslinjer for ungdomsfotballen	12
6.1 Differensiering skal gjennomførast på ein eller fleire måtar	13
7.0 Generelle retningslinjer for seniorfotballen	14
8.0 Generelle retningslinjer for trenarar, trenarutvikling og lagleiar	15
8.1 Trenar	15
8.2 Følgjande kompetansekrav skal klubben ha for sine trenarar	16
8.3 Informasjon til spelargruppa om spelarar som er uttekne til ulike tiltak	17
8.4 Klubben sine forventningar til trenaren	17
8.5 Trenarveileidar	18
8.6 Lagleiar	18
9.0 Utvikling av sosiale ferdigheiter for IL Bjørn sine spelarar	18
9.1 Spelarane skal gjennom trenings- og kampaktivitetar lære å	18
10.0 Generelle retningslinjer for rekruttering og utvikling av dommarar	20
11.0 Fair play	20
11.1 Fair play- foreldrevettreglar	21

12.0 Aktiviteten	22
12.1 Praktisk treningsarbeid	22
12.2 Barnefotball, miniputt 6-7 år	23
12.3 Barnefotball, miniputt 8-9 år	24
12.4 Barnefotball, lillejente/-gutt 10-12 år	25
12.5 Ungdomsfotball, småjente/-gutt 13-14 år	26
12.6 Ungdomsfotball, jenter/gutar 15-17 år	27
12.7 Seniorfotball	28
12.8 Rollar kvart enkelt lag må ha	29
13.0 Viktige tiltak for utviklinga av fotballen i IL Bjørn	29

1.0 Innleiing – kvifor ein sportsplan?

Klubben sine visjonar, verdiar og mål for barne- og ungdomsfotballen skal stå i sportsplanen. Planen er klubben sitt styringsverktøy og hjelpemiddel for trenaren og lagleiaren, og den skal innehalde retningslinjer og progresjon for korleis ein skal drive fotballaktivitet og utvikling av fotballdugleikar i IL Bjørn i dei ulike årstrinna. Sportsplanen er retningsgjevande og forpliktande for alle som deltek i arbeidet i klubben, og den skal vera lett tilgjengeleg og eit levande hjelpemiddel for spelarar, trenarar, leiarar og foreldre. Sportsplanen er strukturert etter mal frå Norges fotballforbund (NFF).

Dokumentet er delt i to hovuddelar, ein generell del med generelle mål og retningslinjer og ein praktisk del med mål, tema og retningslinjer for treningsarbeidet. Den praktiske delen tek føre seg målsetjingar og rammer for aktiviteten. Sportsplanen skal formidlast til foreldre, lagleiarar, trenarar, (via (heimeside) og på foreldre/lagleiarmøter.) gjennom klubben sine informasjonskanalar (Spond, Facebook m.m.) og på foreldre/lagleiarmøter, samt trenarforum.

Sportsleg leiing er ansvarleg for sportsplanen og reviderer den før kvar sesong. Ved større revisjon skal planen formelt godkjennast av hovudstyret. Mindre justeringar/revideringar kan godkjennast av fotballstyret.

1.1 Omgrepsavklaring

Breiddefotballtilbod er tilbod om fotballaktivitet til alle som ynskjer det, uavhengig av kvar dei er på “ferdigheitsskalaen”, eller kva fotballambisjonar dei måtte ha.

Differensiering er at klubben ynskjer å tilpasse aktivitetstilboda slik at dei passar den einkilde utøvar best mogleg ut frå føresetnadar, ambisjonar, ynskjer og behov.

Hospitering er tilbod om oppflytting av ivrige (talentfulle), ambisiøse og engasjerte spelarar i treningar og kampar, til den konkurranseklassen dei høyrer heime i, ut frå ferdigheiter, evne, og haldningar. Flest mogleg-lengst mogleg-best mogleg.

2.0 IL Bjørn sine visjon, verdier og målsettingar

2.1 Visjon

IL Bjørn deler Norges fotballforbund sin visjon: «FOTBALL FOR ALLE – glede, draumar og fellesskap». Fotball for alle er hovudbodskapen for vår aktivitet, forsterka av uttrykka glede, draumar og fellesskap. Visjonen skal vere retningsgjevande, inspirerande og utfordrande. Meir konkret skal IL Bjørn fotball utvikle ein lokal fotballkultur og kvalitet (ferdigheiter, haldningar, miljø) på ein måte som er til glede og verdi for spelarar, leiarar, samarbeidspartnarar og lokalsamfunnet vårt. Det SKAL vere FOTBALLGLEDE FOR ALLE!

2.2 Verdier

VERDIAR

FAIR PLAY og RESPEKT er fotballen sine internasjonale kjerneverdier og grunnleggande for all vår aktivitet. Hjå oss blir dei underbygd av verdiene: TRYGG – INKLUDERANDE – MODIG.

TRYGG

I NFF skal me ta vare på våre medlemmar. Fotballen skal vere ein trygg og god stad å vere. Trygg fotball for alle innebærer nulltoleranse for vold og alle former for diskriminering.

INKLUDERANDE

Fotball er for alle. Me praktiserer likeverd og sørger for integrering i våre aktivitetar. Det skal vere openheit om prosessar og beslutningar. Me skal vise respekt, glede og engasjement.

MODIG

Me skal vere ambisiøse. Både på bana og av bana.

Me må vise mot som spelararar, trenarar, dommarar og leiarar på alle nivå.

Meir konkret skal IL Bjørn arbeide etter prinsippet «flest mogeleg – best mogeleg – lengst mogeleg».

Vårt mål skal alltid vere å rekruttere flest mogeleg jenter og gutar frå 6 år og oppover til å spele fotball. Me skal gje alle som ynskjer det, eit fotballtilbod som tilfredstiller deira ambisjonar og ferdigheiter!

Det skal vere lov å vere god og det er eit mål at spelarar frå eigen klubb blir så gode at dei kan forsvare ein plass på klubbens a-lag.

Fotballstyret skal legge til rette for at sportslege aktivitetar og ambisjonar kan nåast.

2.3 Hovudmål

- På alle nivå i IL Bjørn fotball skal det arbeidast for å skape trivsel og samhold slik at det vert etablert ei sterk klubbkjensle hjå leiarar, trenarar, spelarar og foreldre.
- Klubben skal vere bevisst det sosiale ansvaret i lokalmiljøet ved å gje eit aktivitetstilbod til alle som ynskjer å spele fotball.
- Aktiviteten i IL Bjørn, både sportsleg og administrativt, skal leggjast til rette for å bidra til å utvikle gode fotballspelarar.
- Det er eit mål at klubben skal utvikle spelarar til seniorlag, toppfotball, og at spelarar frå klubben skal vere representert på tiltak i regi av NFF og NFF Sogn og Fjordane (fotballskule, akademilag, sonelag, kretslag, regionslag og landslag).
- IL Bjørn skal gjennom utdanningstilbod, fagleg oppfølging, rettleiing, koordinering av aktivitetane og sosiale tiltak arbeide for kontinuitet og rekruttering både blant trenarar, lagleiarar og administrative leiarar.
- IL Bjørn skal arbeide aktivt for å rekruttere både eigne klubbdommarar og rekrutteringsdommarar. Klubben bør til ei kvar tid oppfylle det kravet til tal dommarar som vert stilt frå NFF/fotballkrisen.
- IL Bjørn skal kjenneteiknast av spelarar med gode og positive haldningar.
- IL Bjørn skal legge til rette for at alle trenarar har fotballkompetanse til å sikre god aktivitet på treningsfeltet

2.3.1 Våre fair play-målsetjingar

- Alle i IL Bjørn skal vise respekt for kvarandre på og utanfor bana
- Alle i IL Bjørn jobbar for å skapa eit miljø som er positivt og basert på gjensidig respekt
- Alle i IL Bjørn skal vera med å skapa gode haldningar
 - Ta godt vare på dine medspelarar og inkluder nye lagkameratar
 - Unngå stygt spel og filming
 - Skape trygghet og god lagånd på bana
 - Trene og spele kampar med godt humør

- o Behandle motstandarar og dommarar med respekt
- o Takke motstandar for kampen
- o Ikkje kjeffe på motstandar eller dommar

3.0 Overordna retningsliner for fotballaktiviteten - kampar og turneringar

3.1 Påmelding er klubbstyrt

IL Bjørn fotball som klubb skal vera i førarsetet når det gjeld påmelding til serie og turneringar for alle årstrinn i barne- og ungdomsfotballen.

Turneringar

I desember eller tidleg januar kommuniserer fotballstyret ut ei liste over prioriterte turneringar for komande år. Dette fordi det er ynskjeleg med mest mogeleg lik aktivitet frå årskull til årskull slik at det sportslege tilbodet er uavhengig av kva kull ein høyrer til. Dette har også ei økonomisk side. IL Bjørn fotball ynskjer å ha ALLE med! Me ynskjer ikkje å ekskludere spelarar/foreldre på grunn av høg økonomisk belastning. Trenar rådfører seg derfor med fotballstyret om ein ynskjer aktivitetsnivå som er langt under eller langt over normalen. Turneringsdeltaking bør jamleg vere tema på trenarforum slik at ein har ei felles forståing av forventa aktivitetsnivå.

Overnattingsturneringar

IL Bjørn fotball ynskjer følgjande prosess for turneringspåmelding:

1. Kvar enkelt gruppe (lag) arrangerer foreldremøte der ein diskuterer alternative turneringar, og bestemmer kva ein ynskjer å delta på. Foreldreforankring er viktig, samt at ein tidleg planlegg ut frå ferieplanar og økonomi.
2. I løpet av tidleg januar skal hovudtrenar for kvar årgang i barne- og ungdomsfotballen melde frå til fotballstyret kva for turneringsynskje deira lag har for komande sesong
 - a. barneidrettsbestemmelsane gjeld - dvs. at me til og med barnefotball (inntil fylte 12 år) deltek i turneringar lokalt i kretsen (NFF Sogn og Fjordane)
 - b. for ungdomsfotball (gute og jentelag) kan me delta på turneringar i Skandinavia
 - c. Om ein ynskjer hospitering frå andre klubbar skal dette godkjennast av fotballstyret
3. Fotballstyret diskuterer og godkjenner turneringsplanane

4. Det enkelte laget er sjølve ansvarleg for påmelding

Dagsturneringar

Klubben sin plan over prioriterte turneringar gjeld også for dagsturneringar, men her treng ein ikkje å innhente godkjenning frå fotballstyret for å delta på turneringane. Dette vil i hovudsak gjelde turneringar innad i fotballkretsen. IL Bjørn fotball stiller eit tydeleg krav: **ALLE** spelarane i gruppa (laget) skal få invitasjon til å delta. For dei aller minste er det forventa at ein deltek på alle Kongleriketturneringane i regi av NFF Sogn og Fjordane. Deltakinga i Kongleriketturneringane er gratis.

Seriespel

«Klubben som sjef» gjeld her. IL Bjørn si sportslege leiing er ansvarleg for påmelding til serie og turneringar for alle årstrinn i barne- og ungdomsfotballen. Dette i nært samspel med trenarar/lagleiarar. For å sikre at spelarar på alle årstrinn får eit så likt tilbud om seriespel som mogeleg og at IL Bjørn fotball opptrer ryddig ovanfor NFF Sogn og Fjordane, skal **ALLE** påmeldingar til seriespel gjerast av påmeldingsansvarleg i IL Bjørn fotball (leiar fotballgruppa). For å sikre at dette blir gjort i god tid innan påmeldingsfristen 1.februar har IL Bjørn fotball etablert følgjande prosess for påmelding til seriespel:

- I løpet av desember/fyrste del av januar sender hovudtrenar for kvar årgang i barne- og ungdomsfotballen forslag til seriepåmelding til påmeldingsansvarleg
- Påmeldingsansvarleg kallar sportsleg leiing inn til møte, der forslag blir diskutert og me blir samde om påmelding – dette i dialog med trenarar/lagleiarar
- Påmeldingsansvarleg kommuniserer ut planen og melder på

3.2 Speletid

IL Bjørn fotball ynskjer at alle våre spelarar skal ha mest mogleg lik speletid i barne- og ungdomsfotballen.

Dette medfører at me:

- melder på fleire lag i årstrinnet med så få reservar som mogleg
- me låner, eventuelt har med hospiteringsspelarar frå andre lag
- om laget ikkje har nok spelarar låner me frå andre årstrinn

- om me ikkje lukkast med å få nok spelarar til eit lag: ta bota! Det er betre enn at våre spelarar sit mesteparten av tida på sidelinja

4.0 Overordna retningslinjer for fotballaktiviteten - treningskvardagen

Breiddefotball:

Me er ein breiddeklubb og NFF sin breiddeformel tryggelik vs. utfordringar + meistring = trivsel og utvikling skal leggjast til grunn og vere retningsgjevande for fotballaktiviteten i IL Bjørn. Prinsippet om at "så mange som mogleg skal stimulerast til å spele fotball så lenge som mogleg" skal stå sentralt.

Rammevilkår:

IL Bjørn fotball tek avstand frå all aktivitet drive av aktørar som bryt med NFFs og NIFs retningslinjer for barne- og ungdomsfotball. Me **skal** jobbe etter retningslinjene og regelverket for barneidrett i NIF og regelverket for barne- og ungdomsfotball i NFF.

4.1 Aktivitetsprinsipp gjeldande for all treningsaktivitet

- Kom raskt i gang med treninga
- Organiser treninga slik at det blir flyt i aktivitetane og få unødvendige pausar og køar
- Pass på at ingen «melder seg ut» og vert passive
- Hensiktsmessige inndelingar og størrelsar på gruppene
- Bruk ballen i så mange av aktivitetane som mogleg

4.2 Utviklingsperspektivet

- Spelaren kan få ulike typar utfordringar ut frå interesse, ferdigheiter, haldning og modning. Spelaren er alltid i fokus, samtidig er spelaren alltid ein del av laget.
- Treningsmengde og kampbelastning for spelaren skal vere i balanse. Om problemstillingar dukkar opp skal trenarveiledar og trenar løyse dette. Jamfør beskrivingar av differensiering og hospitering.

4.3 Differensiering

Differensiering handlar om korleis me kan dele inn treningsgruppa og tilpasse treninga til den enkelte. *For det første:* Alle treng ikkje gjera det same på trening.

For det andre: Differensiering handlar ikkje først og fremst om å dele gruppa inn i «dei gode» og «dei mindre gode». Differensiering er å individualisere treninga innanfor ramma av laget.

- Så langt råd er, skal fotballtilbodet tilpassast og leggest til rette slik at alle får spele fotball ut frå sine føresetnadar, ynskjer og behov
- Treningstider skal så langt som råd tilpassast slik at det er mogleg med hospitering
- Jenter kan også trene og spele kampar med gutar i samråd med trenar og trenarveileidar/spelarutviklar
- Jenter som er med på tiltak i regi av kretsen skal ha ekstratilbod om å trenar og spela kampar med gutar
- Ved hospitering følgjer spelaren dei retningslinjer som gjeld for laget spelaren hospiterer til

4.4 Hospitering

Klubben skal tilby hospitering til talentfulle, ambisiøse og engasjerte spelarar. Hospitering kan innførast frå årsklassane **10** år og oppover. (Moglegheit for å låne yngre spelarar enn 10 år, dersom eit lag treng spelarar for å kunne stille til kamp. Sjå tabell.)

Klubben skal gje tilbod om oppflytting til den konkurransklassen spelaren ferdigheitsmessig og haldningsmessig realistisk sett kan handtere. Dette må individuelt tilpassast, og betyr at spelaren som hovudregel trenar og spelar kampar med eige lag, men får tilbod om trening og kampar i eldre konkurransklasse. Er det viktig i eit utviklingsperspektiv at ein spelar bør spele 11'ar-fotball, men berre har tilbod om 9'ar eller 7'ar-fotball i sin klasse, bør spelaren spele flest mogeleg kampar på 11'ar-lag. Ved for få spelarar tilgjengeleg på spelaren sitt eige lag, skal ein først prøve å hente opp spelarar frå laget under. Dersom det ikkje går, skal spelaren spele på eige lag. Hospitering skal gjennomførast etter spelaren sine ynskje, i samråd med trenarveileidar/spelarutviklar og dei respektive lag sine trenarar, og foreldra til spelaren. Det er viktig å passe på at spelaren si totale belastning ikkje vert for stor.

All hospitering skal godkjennast av sportsleg leiing.

Oversikt hospitering IL Bjørn fotball

Døme på hospitering	6-7 år	8-9 år	10-11 år	12 år	13-14 år	15-17 år	Senior
Hospitering på tvers av aldersklasse	Nei	Nei*	Ja*	Ja	Ja	Ja	Ja
Hospitering i kamp	Nei	Nei**	Ja**	Ja	Ja	Ja	Ja
Hospitering på tvers av kjønn	Nei	Ja***	Ja***	Ja	Ja	Ja	Ja
Hospitering på tvers av klubbar	Nei	Nei	Nei****	Ja****	Ja****	Ja****	Ja****

*I utgangspunktet oppmodar klubben at årstrinna organiserer felles treningsgrupper på tvers.

**Ved få spelarar i ulike årskull, opnar IL Bjørn opp for at gutar og jenter skal få mulegheit til å spele opp ein aldersklasse. Alle som er klar for å spele opp ein årsklasse skal få tilbodet. Sportsleg leiing bestemmer. Dette er eit tiltak for å hjelpe dei ulike årtrinna.

***Jenter kan hospitere med gutar.

****Er klubbstyret.

*****Klubben har samarbeidsavtale med Hafslø IL.

5.0 Generelle retningslinjer for Barnefotballen, 6-12 år

5.1 Barnefotballen skal basere aktiviteten på desse grunnprinsippa:

Likheit: Alle skal ha like moglegheiter til å utvikle ferdigheitene sine på trening og i kamp, uavhengig av kva føresetnadar dei måtte ha. Det er likevel rom for å gje spelarar utfordringar på eit anna nivå gjennom hospitering. Trenarveiledar/spelarutviklar skal i samråd med trenar, handtere hospiteringa. Alle skal ha mest mogeleg lik speletid i kamp, men i dei eldste årsklassane vert treningsoppmøte og haldningar noko vektlegg.

Alle skal ha like moglegheiter til å spele i dei ulike posisjonane på bana. Det er eit mål at alle spelarane over tid skal ha fått prøvd seg i alle posisjonar på laget (rotering). Dette inkluderer også å vere keeper.

Jamnbyrdigheit: Treningar skal prøve å oppnå jamnbyrdigheit mellom spelarar og treningsgrupper, både i trening og kamp. Ved spel i små grupper på trening, t.d. 5'ar lag, skal det setjast saman grupper som har omtrent same ferdigheitsnivå. Dersom det i ei årsklasse er fleire lag, skal desse setjast saman slik at laga er like gode. Det skal ikkje etablerast lag etter ferdigheitsnivå.

Breidde: Oppleving av meistring og trivsel i eit miljø skapar motivasjon, som er ein føresetnad for utvikling og læring. Treinar/ lagleiar skal handsame barna rettferdig, vere føreseieleg og konsekvent, setje klare grenser og gje mykje ros for å skape eit trygt og godt læringsmiljø. Det er verdt å merke seg at det å vere rettferdig nokre gonger inneber at du handsamar barn ulikt, rett og slett fordi dei har ulike føresetnadar, og ulike behov for støtte og oppmuntring.

Både i trening og kamp skal det leggst til rette for at alle opplever meistring. Utfordringar tilpassa den einskilde sitt ferdigheitsnivå er derfor nøkkelen.

Utvikling: Alle fotballspelarar uansett nivå tek gode og dårlege avgjersler på fotballbana. IL Bjørn sine spelarar skal alle øve på å ta ulike avgjersler på bana, og trenaren si oppgåve då er å gje konstruktive tilbakemeldingar i slike situasjonar.

6.0 Generelle retningslinjer for Ungdomsfotballen, 13 - 16 år

Dette skal leggst til grunn for utviklingsarbeidet i ungdomsfotballen:

Breidde: På same måte som i barnefotballen legg ein breiddeprinsippet til grunn i ungdomsfotballen. Dette betyr at det innanfor dei einskilde gruppene skal det vera tilrettelagt for alle som er motivert for å spele fotball. Treningarane har ansvaret for innhaldet i treningane, og kva læringsmoment som skal vektleggjast.

Differensiering: Det kan vere store skilnadar på spelarane i denne aldersgruppa. T.d. ambisjonar, føresetnader for utvikling, interesser, behov og moglegheit til å ofre mykje tid på fotball. I eit breiddeperspektiv må klubben, så godt det let seg gjere, møte desse utfordringane ved å gi eit differensiert tilbod til spelarane utanom fellestreningar. Det kan også vere eigne utviklingsøktar, og hospitering på trening og kamp med laget i klassen over.

Overgang: Det skal ikkje forekomme overgang til IL Bjørn i alderen 6-15 år.

Unnataket er dersom spelaren ikkje har eit tilfredsstillande sportsleg tilbod i eigen klubb. Dialog mellom IL Bjørn og aktuelle klubbar om eventuell overgang er derfor heilt naudsynt.

6.1 Differensiering skal gjennomførast på ein eller fleire måtar:

Treningsøker:

Med fleire trenarar rundt ei gruppe kan ein dele gruppa, og gje utfordringar ut frå deira faktiske ferdigheiter. Det må ikkje verte faste grupper. På denne måten sørgjer ein mellom anna for at spelarar blir stimulert av andre som er komne lenger i utviklinga.

Hospitering:

Sjå punkt 4.4. Overordna retningslinjer for fotballaktiviteten – treningskvardagen, hospitering.

Samarbeid med toppklubbar: Dersom IL Bjørn har spelarar i alderen 12 år og oppover, som har haldningar, ambisjon og evne til å utvikle seg til å kunne spele på eit høgare nivå enn det klubben kan tilby, vil klubben søkje samarbeid med toppklubbar for hospitering og oppfølging der.

IL Bjørn og klubben spelaren skal hospitere til, skal signere ein hospiteringskontrakt som inneheld detaljar om spelaren, ramme for hospitering og skal vere tidsdefinert.

IL Bjørn har ein formell samarbeidsavtale med Sogndal fotball.

Det er viktig å hugse på at eit hospiteringstilbod er eit ekstratilbod, ikkje ein erstatning for tilbod i eigen klubb. Trening og kamp i eigen klubb og eige lag skal alltid prioriterast.

Det kan gjerast unntak, gjennom god dialog med hospiteringsklubb, fotballstyret og trenarar i IL Bjørn.

Keepertrening: Det skal vere fokus på keeperen i det ordinære treningsarbeidet.

Det skal leggest til rette for at det blir arrangert keepertreningar i klubben.

Dersom ein keeper ynskjer å delta på keeperaktivitetar (keeperskular til dømes), så dekkar klubben 50% av deltakaravgifta.

Belastning: Spelarar som har mykje aktivitet gjennom trening, kamp, hospitering, utviklingsøker og deltaking på sone-/akademi-/kretslag, må ha ein kvalitetssikra kalender for sin aktivitet, for å unngå for stor belastning. Trenarveileidar/spelarutviklar saman med spelar sin trenar, har ansvar for dette.

7.0 Generelle retningslinjer for seniorfotballen

Seniorlaga skal:

- Gje tilbod til dei som vil spele seniorfotball i IL Bjørn.
- Ha utvikling av spelaren i fokus.
- Seniorlaga skal vere eit lag med lokale spelarar der ein skaper ein kultur for utvikling og trivsel.
- Gje tilbod om hospitering til dei spelarane klubben meiner bør få større utfordringar.
- Utvikle ein eigen spelestil, der tru på eigne ferdigheiter står i fokus.

Spelarar på jente-/gutelag som har gode nok ferdigheiter, haldningar og motivasjon skal ha tilbod om å delta på seniorlaget sine treningar og kampar. Kvar einskild spelar i IL Bjørn skal ha tilbod om sportslege utfordringar. Før hospitering vert gjennomført skal det forankrast hjå trenarveileidar/spelarutviklar, laga sine trenarar, spelaren og føresette. Trenarane vurderer og føler opp aktuell spelar med tanke på samla belastning. Trenar for gute-/jentelag og seniorlag skal ha dialog kring hospiteringa. Spelaren si utvikling skal stå i sentrum, og vere avgjerande for kva lag spelaren til ei kvar tid spelar kampar for. Det skal lagast periodeplanar (månadsplan), der det klart kjem fram kvar spelaren til ei kvar tid skal trene/spele. Trenarane for dei aktuelle laga har ansvar for utarbeiding av dette.

Spelarar som deltek på sonelag, kretslag, nasjonal serie, regionslag, landslag skal ha tilbod om å trene/spele på høgare nivå i klubben enn der spelaren høyrer til. Dette for å gje spelaren den rette utfordringa. IL Bjørn rettar seg då etter føringar/oppmodningar frå NFF Sogn og Fjordane. Spelarar som gir seg med å spele fotball må oppmodast om å ta på seg andre funksjonar i klubben, som til dømes dommar, trenar, leiar.

Seniorspelarar i IL Bjørn skal fylle desse krava:

- Ansvar for å møte, prioritere, og melde frå til kampar og treningar i god tid.

- Ta del i miljøskapande aktivitetar og bidra i miljøet.
- Delta i tiltak inn mot aldersfastlagd fotball som t.d. treningar, fotballskule og dømning på IL Bjørn sine arrangement.
- Gje positive tilbakemeldingar på og utanfor bana.
- Vere lojal og ta saker opp internt og direkte.
- Vere ein lagspelar og praktisere Fair Play.
- Gjere det ein kan for å halde seg i god form ved skadeperiodar og i feriar.
- Vere til stades på ein del av laget sine fellestreningar i skadeperiodar.
- Stille på dei dugnadane ein får tildelt.
- Ta vare på utlevert utstyr.

8.0 Generelle retningslinjer for trenarar, trenarutvikling og lagleiar

8.1 Trenar:

- Ansvar for kvart lag sin sportslege aktivitet
- Førebu og gjennomføra laget sine treningar
- I samråd med lagleiar, planlegga og gjennomføra kampar, turneringar og sosiale tiltak
- Delta på klubben sitt trenarforum
- Delta på trenarmøte i regi av fotballkretsen
- Generell oppfølging av spelargruppa i alle samanhengar. Alle er like mykje verdt i eit totalbilette

Utdanning: Klubben skal gje alle trenarar, leiarar og dommarar tilbod om relevant utdanning/ kurs innanfor rammene gitt av NFF og NFF Sogn og Fjordane. Slik utdanning kan gjennomførast internt i klubben, i samarbeid med andre klubbar eller i regi av fotballkretsen eller NFF.

Fagleg bistand: Trenarveiledar skal gje fagleg bistand og rettleiing til trenarar som måtte ønske det på alle nivå i IL Bjørn fotball.

Trenarforum: Trenarar frå alle lag skal samlast til trenarmøter i regi av trenarveiledar/ fotballstyre for informasjon, planlegging, diskusjon og erfaringsutveksling. Trenarforum skal

bidra til kontinuerleg sportsleg utvikling av klubben sine trenarar. Det er eit mål at det skal avviklast 3 trenarforum kvart år.

8.2 Følgjande kompetansekrav skal klubben ha for sine trenarar:

Årsklassar	Anbefalt trenar-kompetanse	Anbefalt trenar-tettleik NFF	Trenar-tettleik IL Bjørn fotball	Trenartettleik med kompetanse i NFF	Trenartettleik med kompetanse IL Bjørn fotball
6-7 år	Grasrottenar delkurs 1	1 trenar pr. 5.spelar	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar med kompetanse pr 8 spelarar	1 trenar med minimum grasrottenar del 1
8-9 år	Grasrottenar delkurs 1 og 2	1 trenar pr. 7.spelar	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar med anbefalt kompetanse pr 10 spelarar	1 trenar med minimum grasrottenar del 1
10-12 år	Grasrottenar delkurs 1, 2 og 3	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar med anbefalt kompetanse pr 12 spelarar	1 trenar med minimum grasrottenar del 1 og 2.
13-14 år	Grasrottenar delkurs 1,2, 3 og 4	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar med kompetanse pr 14 spelarar	1 trenar med minimum grasrottenar del 1, 2, 3 og 4.
15-17 år	Grasrottenar delkurs 1,2, 3 og 4. Frå 16 år 1 trenar pr. årskull med UEFA B	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar pr. 10.spelar	1 trenar med kompetanse pr 18 spelarar	1 trenar med minimum grasrottenar del 1, 2, 3 og 4.
Senior-fotball	Grasrottenar delkurs 1, 2, 3 og 4 og UEFA B		1 trenar pr. 10.spelar		1 trenar med minimum grasrottenar del 1, 2, 3 og 4 og/eller UEFA B.

8.3 Informasjon til spelargruppa om spelarar som er uttekne til ulike tiltak:

- Når spelarar vert uttekne til sone-/krets-/landslagstiltak eller skal hospitere, skal trenarane informere resten av gruppa på eit tidleg tidspunkt. Det er viktig med openheit rundt dette slik at me klarer å behalde eit godt miljø der heile gruppa kan gje i støtte til dei spelarane dette gjeld.

8.4 Klubben sine forventningar til trenaren

- Trenarren skal vera ein rollemodell
- Trenaren skal vera ein rollemodell
- Trenaren skal utvikla dei unge sine fotballferdigheiter
- Alle trenarar skal møte presis og er godt førebudd til kvar trening.
- Vera positiv og ha godt humør! Ros er betre enn ris. Oppmuntre, motivere og rettleie spelarar som gjer sitt beste for å lukkast
- Vere bestemt og rettferdig
- Det er trenaren/leiararen si oppgåve og plikt å følgje dei reglar og retningslinjer som blir sette opp.
- Alle trenarar som skal trene Bjørn-lag skal møte i Bjørn-klede på trening og kamp. (Vise stoltheit ovanfor klubben)
- Sørgje for høg aktivitet under trening
- Skal ha kompetanse for å sikre kvalitet på treningsfeltet for å sikre gode økter, uavhengig av kvar spelaren er på ferdigheitsskalane
- Auka kompetanse og erfaring gir meir og betre fotballaktivitet både i breidde og i topp.
- Klubben skal legge til rette for trenarutdanning, gjennom eigne trenarforum og samarbeid med NFF Sogn og Fjordane.
- Utvikla eit godt samarbeid med dei øvrige trenarane og trenarveiledar
- Som trenar i IL Bjørn er det viktig å skape trygghet, prøve å sjå alle spelarane, gje positiv tilbakemelding på kvar økt, t.d. nemne alle med namn på treningar
- Vera engasjert og vera tydeleg på kva dei trenar på. Variere øvingar for å heve det sportslege nivået og auke spelarane sine fotballferdigheiter
- Variasjon kan vera skadeforebyggande, og ein blir meir motivert
- Meistringsglede, spelarane skal ha det kjekt på trening

- Trenaren skal vera utviklingsorientert. Fotball skal vera kjekt for alle. Trenaren skal ta seg tid til å lytta og snakka med spelarane (både før og etter trening)
- Trenaren kjenner til Sportsplanen

8.5 Trenarveiledar:

- Veilede og følgje opp trenarar i klubben med utgangspunkt i klubben sin sportsplan
- Systematisk oppfølging av enkelttrenarar over tid
- Ansvar for planlegging og gjennomføring av trenarforum
- Delta i møter ved oppstart av nye lag og hjelpe til å sette saman nye trenarteam
- Kartlegge trenarkompetanse og motivere klubben sine trenarar til å gjennomføre trenarutdanning (jamfør minimumskrav Kvalitetsklubb), og søke fagleg påfyll
- Organisere trenarkurs
- Hjelpe til med rekruttering av trenarar
- Skape gode føresetnader for å lukkast på feltet for oppstartskull, saman med rekrutteringsansvarleg
- Ansvarleg for at kommunikasjon/tilbakemeldingar til trenarar kjem fram
- Delta på relevante samlingar i kurs og regi av krets og Norges fotballforbund

8.6 Lagleiar:

- Har ansvaret for alle ikkje-sportslege aktivitetar som er knytt til kvart lag
- Ha ansvaret for kontakt mellom klubben og foreldre/føresette
- Samarbeida med klubben sin materialansvarleg
- Samarbeida med klubben sin kioskansvarleg
- Delta på lagleiar møte i regi av fotballkrinsen

9.0 Utvikling av sosiale ferdigheiter for IL Bjørn sine spelarar

Dette er ferdigheiter som er generelle og vedkjem alle IL Bjørn sine spelarar

9.1 Spelarane skal gjennom trenings- og kampaktivitetar lære å:

Ta ansvar for:

- eige og andre sitt utstyr. Ta med og ha orden i utstyret
- andre sin trivsel

- eiga utvikling som fotballspelar. Vere topp konsentrert på trening og kamp, eigentrening, trene for å bli betre, ta initiativ med og utan ball
- laget sine resultat. Ta din del av ansvaret for korleis kampen vart

Vise respekt for:

- andre menneske sine meiningar. Lære å lytte og vurdere før ein seier noko
- andre menneske si tid. Komme tidsnok til trening, kamp og møte
- fløytesignal frå trenar/dommar
- dommaren sin situasjon. Aksepter avgjerdsler – uansett. Dommaren gjer sitt beste
- klubben sitt arbeid. Vis stoltheit ovanfor klubben, og sørg for at den vert godt omsnakka

Vise disiplin ved å:

- vise god folkeskikk
- utføre planlagte oppgåver – på og utanfor bana
- ta siger og tap med fornuft. Arroganse vert ikkje tolerert! Eit tap kan brukast til noko konstruktivt som me kan lære av

Vere konsentrert:

- på treningane og i kampar. Til dømes: Ville vinne nærkampar, spurtduellar
- når de deltek på møter; Delta aktivt, gjer greie for ditt syn, ver lojal mot klubben sine val og verdier

Vere engasjert:

- på trening og i kampar. Gå inn for å prestere. Ver løysingsorientert
- i møte. Delta aktivt og del synspunkta dine i plenum, ikkje berre i små grupper etter trening og kamp

Vere tolerant i høve til:

- medspelar sine feil. Det vert gjort feil i fotball. Ikkje kjeft/bli sur på den som gjer feil
- trenarar/leiarar sine feil. Ta opp saker du er uenig i plenum eller bruk spelarrepresentantane
- dommarar sine feil. Å dømme er vanskeleg. Samanlikn tal feil du gjer og dommaren gjer

Det er trenar/lagleiar si oppgåve og plikt å følgje opp dei reglar og retningslinjer som gjeld. Både barn og unge vil stadig prøve ut kvar grensa går. Ikkje “snu ryggen til” når det skjer episodar – brot på reglane. La spelaren forklare seg, og gje eventuell irettesetjing “under fire auge”.

Ver klar over at din eigen oppførsel er viktig. Barna gjer som du gjer –ikkje som du seier!

10.0 Generelle retningslinjer for rekruttering og utvikling av dommarar

Klubben sitt fotballstyre skal peike ut ein dommaransvarleg som har hovudansvar for rekruttering og oppfølging av klubben sine dommarar. Klubben skal, enten internt eller i samarbeid med andre klubbar eller fotballkrets, halde klubbdommarkurs før kvar sesong. Klubbdommarkurset er obligatorisk for alle 13-åringane i klubben. Kurset er også ope for andre som ynskjer ei oppfrisking innan dommarfaget. Trenarar og leiarar for lag med spelarar i aktuell alder har eit særskilt ansvar for å ta del i arbeidet med rekruttering av dommarar i klubben.

Dommarane skal ha tilbod om fagleg oppfølging frå dommaransvarleg i klubben. Jenter og gutar i aldersklassen 14-17 år skal delta på klubbdommarkurs. Spelarar som tek på seg dommaroppdrag i aldersfastlagd fotball, skal få honorar for kvar kamp dei dømmer. Jenter og gutar i aldersklassen 15-17 år bør motiverast til/oppmodast om å delta på rekruttdommarkurs.

11.0 Fair Play

Fair Play er meir enn berre gule og raude kort. Fair Play handlar om korleis me oppfører oss mot kvarandre både på og utanfor bana. Me skal ha ein klubbkultur som er prega av FAIR PLAY og gode haldningar til idretten vår, motstandarane våre og til kvarandre.

I alle fotballkampar som spelast på IL Bjørn sine arenaer skal det gjennomførast Fair Play-helsing før og etter kamp. Fair Play-helsinga er eit uttrykk for gjensidig respekt.

Alle trenarar og lagleiarar i IL Bjørn fotball, skal skrive under på klubben sin Fair Play-kontrakt.

Lagleiarar og trenarar har ansvar for at alle spelarar på sine respektive lag, skriv under Fair Play-kontraktar i forkant av sesongen. Det oppfordrast til å nytte fyrste trening til å gjennomgå Fair Play-reglane og skrive under kontrakten.

Til alle heimekampane skal det vere kampvertar med eigne vestar. Desse vestane skal vere merka med Fair Play-logo. Alle i IL Bjørn skal vise respekt for kvarandre på og utanfor bana.

Foreldre:

- Møter opp på kampar for å visa interesse og støtte
- Møter opp på treningar, på foreldremøte og andre arrangement
- Støttar opp om alle spelarane på laget
- Blandar seg ikkje inn i sportslege saker som til dømes laguttak, speletid og treningsform
- Stolar på at tillitsvalde i klubben tek seg av sportslege avgjerdsler
- Stiller opp for laget og klubben gjennom verv og dugnad

11.1 Fair Play-foreldrevettreglar

- Støtt opp om arbeidet til klubben. Verdisynet i klubben vert forankra gjennom foreldremøte.
- Møt opp til kampar og treningar. Du er viktig for spelarane og miljøet.
- Gje oppmuntring til spelarane i med- og motgang. Det gjev tryggleik, trivsel og motivasjon til å bli verande lenge i fotballfamilien.
- Me har alle ansvar for kampmiljøet. Gje ros til begge lag for gode prestasjonar og Fair Play.
- Respekter at trenaren leiar laget. Konstruktiv dialog om gjennomføring kan takast opp med trenar og klubb i etterkant.
- Respekter dommarene si avgjerdsle, sjølv om du av og til er uenig.
- Det er ditt barn som spelar fotball. Ver positiv og støttande, då er du ein god medspelar!

12.0 Aktiviteten

12.1 Praktisk treningsarbeid

Alt treningsarbeid på overordna nivå skal bestå av følgjande fire dimensjonar som knyt fotballspelet saman:

1. Den individuelle dimensjonen (individuelle ferdigheiter)
2. Den relasjonelle dimensjonen (relasjonelle ferdigheiter)
3. Den strukturelle dimensjonen (formasjon og system)
4. Kampdimensjonen.

Fotballferdigheit på individnivå omfattar både å kunne velje rett løysing basert på ein gitt situasjon, og deretter å kunne gjennomføre den valte løysinga på ein god teknisk måte. Den individuelle fotballferdigheita kan delast opp i følgjande sentrale delferdigheiter:

- Føring
- Pasning
- Mottak/medtak
- Finting ved dribling
- Finting ved vending
- Skot
- Heading
- Fyrsteforsvarar

Dette er delferdigheiter alle lag i IL Bjørn må trene regelmessig på.

Treningsøktene i barnefotballen bør innehalde:

- Sjef over ballen (individuell ballkontroll)
- Spele med og mot
- Spel/kamp (tilpassa smålagsspel)
- Scoringstrening

Me nyttar øvingsbanken til NFF: www.treningsokta.no og www.tiim.no. Alle trenarar har tilgang der.

12.2 Barnefotball, miniputt 6-7 år

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Retts merksemda mot	Sesong
3 v 3	<p>Primært sosialt og leikprega. Fokus på å lære seg reglar, basisferdigheiter og å spele saman.</p> <p>Sjå alle!</p>	<p>Lagstrening.</p> <p>Fire Konglerike-turneringar i regi av NFF Sogn og Fjordane</p> <p>Andre turneringar kan kome i tillegg (til dømes Kiwi Bama Cup)</p>	1 X 60-90 min per trening.	<p>4-5 spelarar pr. lag</p> <p>Alle skal spele tilnærma like mykje, og få prøve ut ulike rollar på bana.</p>	<p>Variasjonar i vektlegging vil veksle ein del med alder og nivå, men «spel mot»-aktivitetar bør som regel utgjere halvparten av treningstida.</p> <p>«Kampen om ballen» «Mot mål-aktivitet» Gjer kampen interessant!</p>	1.april – 1.oktober. Kan ha ei trening i veka i november-februar. Sommarferie juli månad.

12.3 Barnefotball, miniputt 8-9 år

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Retts merksemda mot	Sesong
5 v 5	<p>Primært sosialt og leikprega.</p> <p>Fokus på å lære seg reglar, basisferdigheiter og å spele saman.</p> <p>Sjå alle!</p>	<p>Lagstrening</p> <p>Fire Konglerike-turneringar i regi av NFF Sogn og Fjordane</p> <p>Andre turneringar kan kome i tillegg (til dømes Kiwi Bama Cup)</p> <p>Seriespel for G/J9.</p>	<p>1-2 treningar i veka, 60-90 minutt per trening</p> <p>.</p>	<p>Alle skal spele tilnærma like mykje, og få prøve ut ulike rollar på bana.</p>	<p>Variasjonar i vektlegging vil veksle ein del med alder og nivå, men «spel mot»-aktivitetar bør som regel utgjere halvparten av treningstida.</p> <p>«Kampen om ballen» «Me har ballen – dei har ballen» «Mot mål-aktivitet» Gjer kampen interessant!</p>	<p>1.mars – 1.oktober. Kan ha ei trening i veka i november-februar. Sommarferie juli månad.</p>

12.4 Barnefotball, lillegut/-jente 10–12 år

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Retts merksemda mot	Sesong
10-11 år: 7 v 7 12 år: 9 v 9	Aktivitetane skal vere sosialt og lystprega, i tillegg vekt på sportsleg utvikling (teknikk og samhandling)	Lagstrening Seriespel Turneringar. Klubben dekkar påmeldingsavgift til ei valfri turnering. Ekstratilbod: Futsalaktivitet (valfritt)	2 felles-treningar i veka, 90 min per trening.	Deltek i ordinær serie. Alle skal spele tilnærma like mykje, og få prøve ut ulike rollar på bana.	Idrettsaktiviteten skal vere prega av at det vert drive allsidig. Treningsaktiviteten skal vere mest mogeleg prega av bruk av ball. «Kampen om ballen» «Me har ballen – dei har ballen» Vinne ballen/ hindre gjennombrøt – sjansar og mål Gjer kampen interessant!	10-11 år: Sesongen varer heile året, med redusert aktivitet november til februar (frivillige treningar) Sommarferie juli månad. 12 år: Sesongen varer heile året, med redusert aktivitet i juli månad og november til januar (frivillige treningar).

12.5 Ungdomsfotball, smågut/-jente 13–14 år:

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Rett merksemda mot	Sesong
11 v 11 og/ eller 9 v 9	Sosialt og lystprega, med vekt på vidare sportsleg utvikling. Meir resultatorientert, konkurranse-elementet i kamp kan stimulerast, men ikkje reindyrkast. Viktig å framleis ha ein utviklingsorientert basis i arbeidet.	Lagstrening Seriespel Turneringar. Klubben dekkar påmeldingsavgift til ei valfri turnering. Ekstratilbod: Futsalaktivitet (valfritt)	2 fellestreningar i veka. Utanom kampsesong oppmodar me om basistrening. Spelarane skal oppmuntrast til å drive eigentrening på moment som vert gjennomgått på fellestrening.	Deltok i ordinær serie. Avgrensa tal treningskampar. Alle skal spele. Det er viktig å variere og prøve ulike plassar, men det er ein fordel at den einskilde spelar får lenger tid i kvar rolle. Treinar styrer dette. Treningsoppmøte, haldningar, ferdigheiter og prestasjonar skal legge føringar på speletid. Det betyr at alle ikkje spelar like mykje, men alle skal spele!	Fokus på ballfører sine handlingsval. Spelaren og ballen er det viktigaste fokusområdet, men krav til relasjonelle ferdigheiter aukar. Prinsipp for laget sin struktur skal også utviklast «Kampen om ballen» Me har ballen De har ballen Gjer kampen interessant!	Sesongen varer heile året, med redusert aktivitet i juli månad og november til januar.

12.6 Ungdomsfotball, gutar/jenter 15 – 17 år

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Retts merksemda mot	Sesong
11 v 11 og/eller 9 v 9	Sosialt og lystprega, med vekt på vidare sportsleg utvikling. Meir resultatorientert, konkurranse-elementet i kamp kan stimulerast, men ikkje reindyrkast. Viktig å framleis ha ein utviklingsorientert basis i arbeidet.	Lagstrening Seriespel Turneringar. Laget kan delta i ei lokal og ei nasjonal/ internasjonal turnering. Laget må organisere dugnadstiltak sjølv for å dekkje kostnadane ut over påmeldingsavgifta. Det er viktig å starte dette arbeidet i god tid. Ekstratilbod: Futsalaktivitet (valfritt)	2-3 felles-treningar i veka. Utanom kampsesong oppmodar me om basistrening. I denne alderen er det viktig å stimulere til mykje trening, med eigentrening i tillegg. Det kan vere aktuelt å bremse aktiviteten i periodar for spelarar som er småskada eller slitne.	Deltak i ordinær serie. Avgrensa tal treningskampar. Treningsoppmøte, haldningar, ferdigheiter, prestasjonar og resultat skal legge føringar for speletid. Det gjer at alle ikkje spelar like mykje. Alle skal spele, men trenar regulerer speletid utifrå prestasjonar, nivå og resultat.	Spelaren og ballen er fortsatt viktig. Sentralt å styrke dei relasjonelle og strukturelle delane av spelet. Rollebeskrivingar og krav til enkelt-spelarar blir introdusert. «Kampen om ballen». Individuell/ relasjonell/ strukturell dimensjon Spelfasar. Gjer kampen interessant!	Sesong heile året, med redusert aktivitet i juli, november og desember. Dei mest ambisiøse og treningsvillige skal ha tilbod om å trene frå slutten av oktober til januar.

12.7 Seniorfotball

Kamp	Mål	Aktivitet	Trening	Kamp og speletid	Retts merksemda mot	Sesong
11 v 11 og/ eller 7 v 7 (4.div damer, 7.div herrer)	Gje tilbod til dei som vil spele seniorfotball i IL Bjørn Sosialt og lystprega, med vekt på sportsleg utvikling. Meir resultatorientert, konkurranse-elementet i kamp Viktig å framleis ha ein utviklingsorientert basis i arbeidet.	Lagstrening Seriespel Om påmelding til 4.div og 7.div: seriespel er organisert som turneringar. Ekstratilbod: Futsalaktivitet (valfritt)	2-3 felles-treningar i veka. Utanom kampsesong oppmodar me om basistrening.	Deltak i ordinær serie. Treningskampar. Treningsoppmøte, haldningar, ferdigheiter og prestasjonar skal legge føringar på speletid. Trenar skal ha fridom til å disponere laget for å få eit best mogeleg resultat. Trenar kan då regulere speletid utifrå kriteria ovanfor.	Fokus på spelaren individuelt og som ein del av laget. Styrke den relasjonelle og strukturelle dimensjon Prinsipp for laget sin struktur skal også utviklast «Kampen om ballen» Spelprinsipp forsvar. Spelprinsipp angrep. Gjer kampen interessant!	Sesong heile året, med redusert aktivitet i juli, november og desember. Dei mest ambisiøse og treningsvillige skal ha tilbod om å trene frå slutten av oktober til januar.

12.8 Rollar kvart enkelt lag må ha

Rollar for kvart lag	6-7 år	8-9 år	10-12 år	13-14 år	15-17 år	Senior
Trenar	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Lagleiar	Ja*	Ja***	Ja	Ja	Ja	Ja
Kampvert	Nei**	Ja***	Ja	Ja	Ja	Ja

*Trenar kan vere både trenar og lagleiar

**Kun turneringsspel

***Trenar kan vere både trenar og lagleiar. Må ha lagleiar og kampvert frå og med seriespel G/J 9.

13.0 Viktige tiltak for utviklinga av fotballen i IL Bjørn:

1. Innføre sportsplanen i barne- og ungdomsfotballen for å gje eit betre tilbod om trening og kampar i den aldersfastlagde fotballen. Med dette kan ein tilføre seniorlaga fleire gode fotballspelarar.
2. Ha fokus på trenarutdanning.
3. Halde fram med spelarutviklar og trenarveileidar med ansvar for å fylgje opp trenarar og spelarar.
4. Auke treningsmengda og få ein forbetra treningskultur blant spelarane. Jamfør praktisk treningsarbeid punkt 12.2-12.7
5. Sjå seniorfotballen og den aldersfastlagde fotballen i heilskap, samspel mellom trenarane og felles tiltak med fotballfagleg innhald, som trenarforum.
6. Delta på utviklingstiltak og samlingar som NFF Sogn og Fjordane/NFF og andre legg til rette for.
7. Legge til rette for at vaksne spelarar med jobb og familie kan spele for klubben.
8. Samarbeide med andre lokale/regionale klubbar, slik at våre spelarar, trenarar og leiarar kan hente impulsar og delta i aktivitetar der.

Lenker:

1. Tiim <https://tiim.no/okter-og-ovelser>
2. Barne og ungdomsfotball og futsal: <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/>

Internrevisjon

OMRÅDE	ENDRING